

Pressemelding

Satsing på læringsmiljøet gir resultat

Fire vidaregåande skular i Sogn og Fjordane deltek i eit forskingsprosjekt der målet er å betre det psykososiale læringsmiljøet og medverke til å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

-Vi ser at dei skulane som følgjer opp tiltak for eit betre psykososialt miljø har elevar som er betre tilpassa og mindre einsame, seier Torill B. Larsen, prosjektleiar for COMPLETE som nå har ein [ny delrapport](#) klar.

Complete

er eit forskingsprosjekt som omfattar 17 skular frå fire fylke, og Sogn og Fjordane deltek med Hafstad, Eid, Mo og Øyrane og Firda vidaregåande skular. Prosjektet består av to tiltak, *Drømmeskolen* og *Nærværsteam* (sjå faktaboks).

Betre overgang

Alle elevar får ein tøff start i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring, og elevane si psykiske helse og det psykososiale miljøet på skulen er to av dei viktigaste risikofaktorane for fråfall.

– Det handlar veldig mykje om relasjonar, einsemd og psykisk helse når ein vil førebygge fråfall. Og når vi veit at tiltaka kan medverke til mindre fråfall er det også ein god samfunnsmessig investering, seier Larsen.

Vegen vidare

Forskningsprosjektet held fram til og med hausten 2019. Resultata så langt viser at dei skulane som satsar på å betre læringsmiljøet, betrar den psykiske helsa og reduserer einsemd hjå elevane.

– Sjølv om effektane foreløpig er små, ser vi at det går i positiv retning, og nå er det avgjørande at dei skulane som deltek, nøye følgjer opp tiltaka slik at dei kan få enda betre effekt, avsluttar Torill Larsen.

[Drømmeskolen](#) er eit helsefremjande og skuleomfattande program for ungdoms- og vidaregåande skule som skal fremje elevane si psykiske helse og medverke til å skape eit godt læringsmiljø.

[Nærværsteam](#) er eit selektivt tiltak for å sikre at ungdom som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring, får tett oppfølging gjennom kontinuerleg nærværarbeid.